

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 22. februar 2018

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Aksel Indreeide, Einar Hoel, Liv Marit Indreeide, Kenneth Hovden

Forfall: Børge H. Johansen, Ida Kristoffersen Rem, Harald Vestre, Monica N. Henden

Sak 08/18 Informasjon frå gruppene og styret

Trimgruppa:

Friidrett:

Fotballgruppa: Futsalturneringa gjekk bra. 28 kampar avvikla, litt klabb og babb fordi nokre lag trekte seg. Regnskapet levert på regnskapskontoret. Siste påmeldingane straks i boks. 11 lag, overtal med jenter (52%). Vurderer å mylde kunstgrasbana.

Skigruppa: MidtNorsk vellykka arrangement. Krevde mykje folk, alle fornøgde, både dei som hjalp til og dei som deltok. Også økonomisk gjekk det veldig bra, set igjen med ca 50.000. Kom inn ca kr 20.000 berre på parkering. I tillegg arrangert 2 cupar. Mange deltakarar. Litt mindre oppmøte på skikafeane no i vinter. Kanskje finne på alternative aktivitetar. Totalt sett veldig gode forhold i vinter. Ekstra skryt til dei som køyrer opp løyper gjennom vinteren.

Styret: Oppgåver i samband med årsfesten 24.mars 2018. Fotballgruppa i oppgåve å setje utover bord og stolar laurdag frå kl 10.00. Stolar oppe i kultursalen, stolar og bord i hallen. Hjelp til i baren ilag med hornmusikken.

Søknad om å få igjen mva etter prosjekt brinken.

Opplæring hjartestartar Martin Linge-huset måndag 26. februar kl 18-20. Legge ut på VIL si side på facebook, mulig å melde seg.

Diskspport: Trenar inne. Driv og planlegg ny bane. 5 påmeldt EuroPro-cup i Langevåg. Ca kr 9.000 på bok. Neste sesong er klar, turneringane er fastsett.

Sak 09/18 Leigesatsar frå klubbhuset og utstyr

Dagens leigesatsar har vore gjeldande sidan 2014. I tillegg til at huset er kraftig oppgrader, kan det vere på tide å oppjustere prisane.

Styret fastset desse leigesatsane for klubbhuset og utstyr:

1. Heile huset, 1 dag kr 1.600
2. Heile huset, fredag kl. 17:00 til søndag kl. 24:00 kr 2.500, kr 700 pr ekstra dag/døgn
3. Bord kr 40 pr stk/døgn
4. Stolar kr 15 pr stk/døgn
5. Utebord/-benkar kr 100 pr sett/**dag** for bord (bord + 2 benkar, maks 8 seteplassar)
6. Utleige av stadionanlegg Ta kontakt for avtale
7. Utleige av kjøkken og toalett til arrangement ute kr 500 pr dag
8. Utleige av telt lite kr 300 pr dag,
stort kr 600 pr dag
9. Utleige av matcontainer kr 50 pr stk/dag

Ikkje utleige av kjøkkenutstyr!

Dei nyinnkjøpte borda + stolane til salen skal ikkje leigast ut!

Prisane blir gjort **gjeldande frå 1.mars 2018**. Dei det allereie er gjort avtale om pris med, vert gjeldande.

Sak 10/18 100 år jubileumskomitè

Amund K. Sunde, Signe Brenna, Karoline Nerli, Ida Kristoffersen Rem, Richard Moen, Liv Hanne Svensvik Elida Fuglem, Eline Mathea Myren, Einar Hoel. Einar Hoel kallar inn til første møte.

Sak 11/18 Årsmøtet

Sakliste til årsmøtet:

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane

3. Velje dirigent, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen
4. Handsame idrettslaget si årsmelding, inkludert eventuelle gruppeårsmeldingar.
5. Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand.
6. Handsame forslag og saker.
7. Fastsetje medlemskontingent på minst kr 100, og treningsavgift eller gi gruppestyra fullmakt til å fastsetje treningsavgifta for gruppa sin aktivitet.
8. Vedta idrettslaget sitt budsjett
9. Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan
10. Gjere følgjande val:
 - a) Leiar for 1 år
 - b) Nestleiar for 2 år
 - c) 3 styremedlemmar for 2 år
 - d) 2 varamedlemmer for 1 år
 - e) Andre val i høve til vedteken organisasjonsplan, jf. Pkt. 9
 - f) To revisorar for 1 år
 - g) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.
 - h) Valkomitè med leiar, to medlemmer og eitt varamedlem Valperiode 3 år.

Medlemskontingenten forblir uendra. Heller jobbe for å auke medlemstalet. Oppmode dei som deltek på dame/herretrim på ML-huset om å betale kontingent, likeeins open hall fredagane. Innlegg i lokalavisa. Fordelar ved å vere medlem.

Årsmøte hovudlaget 21. mars. Annonse i Storfjordnytt.

Møtet slutt kl. 22:15

Liv Marit Indreeide

-referent